



Innkalling av Næringsfondsstyret

Møtedato: 06.09.2016
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 09:30

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
009/2016	Godkjenning av innkalling og saksliste
010/2016	Godkjenning av møtebok
011/2016	Referatsaker
012/2016	Søknad om tilskot og lån frå Næringsfondet - Modalen Sandtak AS

8. september 2016

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/217

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2016	Næringsfondsstyret	PS	06.09.2016

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/217

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2016	Næringsfondsstyret	PS	06.09.2016

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 03.05.2016

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/217

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2016	Næringsfondsstyret	PS	06.09.2016

Referatsaker

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Svar på søknad om støtte til honningsproduksjon

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 223	16/52

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2016	Næringsfondsstyret	PS	06.09.2016

Søknad om tilskot og lån frå Næringsfondet - Modalen Sandtak AS

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver inntil **kr 271.000 (35 % av søknadsgrunnlaget)** i tilskot frå næringsfondet til delfinansiering av omsøkte investeringar for Modalen Sandtak AS.

Modalen kommune løyver inntil **kr 115.000 (15 % av søknadsgrunnlaget)** i lån frå næringsfondet til delfinansiering av omsøkte investeringar for Modalen Sandtak AS.

Vilkår for utbetaling av tilskot:

Tilskotet kan utbetalast på grunnlag av medgåtte kostnader i høve til kostnadsoppsettet som ligg til grunn for tilsegnet. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettert, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Rekneskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.

Utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

Vilkår for utbetaling av lån:

Innvilga lån vert utbetalt etter framlagt dokumentasjon av fullfinansiering. Denne tilsegna må nyttast innan 1 år frå tilsegnsdato, ellers fell den bort. Det er høve til å søkje forlenging av fristen.

Lånevilkår:

Lånet kan utbetalast når investeringane er gjennomført. Lånet skal attendebetalast med like store avdrag over 5 år.

Lånerenta vert berekna etterskotsvis basert på den til kvar tid gjeldande rente for lån i Næringsfondet, p.t. ca. 1.14 % p.a.

Utbetaling av lån over kr 50.000.- skal sikrast med tinglyst pantekrav med prioritet etter andre lån til selskapet.

Andre vilkår:

Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flyttar frå kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.

Likeeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m.v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadmottakaren pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksending i dette tidsrommet.

EØS-regelverket – opplysningsplikt.

Tildeling av tilskotet vert gjort i samsvar med reglane for bagatellmessig stønad. Ved eventuelle nye søknader om offentlig stønad (uansett stønadskjelde) har stønadsmottakar plikt til å opplyse om dette tilskotet. Opplysningsplikta gjeld i 3 år frå tilsegnstidspunktet.

Før utbetaling av tilskot må mottakaren skriftleg stadfeste eventuell anna bagatellstøtte som foretaket har motteke i det aktuelle skatteåret og i dei to føregåande skatteåra slik at ein sikrar at tilskotet er innanfor gjeldande maksimalgrense for bagatellstøtte, 200.000 euro over ein periode på 3 år. Det er tildelingsåret og ikkje utbetalingsåret som er avgjerande.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ny handsaming av søknad frå Modalen Sandtak AS om tilskot og lån til kjøp av hjullastar. Sak framlagt for Næringsfondsstyret den 05.04.16, men vart då utsett grunna manglande opplysningar.

Vurdering

Brev for innhenting av utfyllande opplysningar sendt den 07.04.16 frå rådmannen.

Tilleggsopplysningar motteke i brev 09.05.16 med rekneskap for 2014/2015 og budsjett 2016.

Ved innsending av nye opplysningar vert det i tillegg søkt om tilskot til kjøp av ny arbeidsbrakke.

Næringsfondsstyret var på synfaring og fekk informasjon om anlegget under møte i formannskapet

den 22.06.16.

Grunnlag for søknad:

Investering	Kostnad
Brukt hjullastar	675.000
Arbeidsbrakke	101.000
Sum investeringar	776.000

I brev med tilleggsopplysningar framkjem følgjande:

- Modalen Sandtak har tidlegare leigd inn hjullastar med førar. For selskapet er dette ei ny investering.
- Modalen Sandtak har tilsett maskinførar/dagleig leiar frå 01.05.16

Rådmannen har utover dette innhenta muntleg opplysningar frå Torbjørn Trohaug om oppgradering av anlegg og planlagt drift.

Selskapet har ikkje tidlegare hatt tilsette, men kjøpt tenester frå eigarane. Ved fast tilsetting set dette krav til arbeidsmiljø og derfor kjøp av arbeidsbrakke som omsøkt.

Anlegget har vore gamalt og nedslote. Det er derfor sett i gong ei større oppgradering med ny knusar, harpe og transportband. Ein del av desse investeringane er soleis fornying av utstyr, men også noko nytt samt at ein får auka produksjonskapasiteten og ein tek vekk flaskehalsar i produksjonslina.

Desse endringane er naudsynleg for å få stabil drift og auka produksjon når ein skal ta i mot massar frå Helland/Krossdal. Ein har i dag to store kundar for sand/singel, men ein tek sikte på å utvide dette ved kapasitetsauken.

Syssettinga ved sjølve anlegget har tidlegare alt vesentleg vore ein person som har drifta sjølve anlegget, men ikkje vore tilsett. Ved tilsetting av ein person i selskapet og fortsatt innkjøp av hjelp i «vaskinga av sand» vil syssettinga auke i høve i dag. Dette ogs om konsekvens av planlagt produksjonsauke. I tillegg har anlegget indirekte verknad for syssettinga i andre lokale verksemdar ved uttak i sandgruper og ved transport. Ein auka produksjonskapasitet ved Modalen Sandtak vil soleis indirekte styrke den samla aktiviteten i næringa. Drifta ved Modalen Sandtak AS er den aktiviteten, som foredlar sandråstoffet før utskipping, og er soleis ei viktig verksemd for denne tradisjonsrike næringa i Modalen.

Vurdering i høve fondsvedtekter

Av retningslinjene for bruk og forvaltning av næringsfondet i Modalen framgår (Kap.1 pkt. 1.2): *Stønad frå næringsfondet må ikkje føra til at andre distriktpolitiske verkemiddel/stønad ikkje vert nytta.* Dette prosjektet er ikkje aktuelt for Innovasjon Norge.

I vedtekter- retningslinjer for bruk og forvaltning av næringsfondet i Modalen kommune (Vedteke sist i Ksak 94/16 og godkjend 30.05,94) framgår:

2.2. A Stønad til private tiltak

«Stønad frå fondet kan normalt gjevast med inntil 50% av samla investering/kostnad

Fondsstyret kan i særlege høve innvilga ein høgare stønad. Samla stønad skal likevel ikkje overstiga 75% av total investeringar/kostnad medrekna anna mogleg stønad

For å få innvilga stønad blir det til vanleg kravd minimum 15% av investeringar/kostnad i eigenkapital. Som eigenkapital kan også eige arbeid og eige utstyr godkjennast»

Det er ikkje søkt om stønad til før nemnd oppgradering av anlegget. Stønad frå næringsfondet til fornying av driftsmidlar kan (iflg. Retningslinjene pkt 2.2. A) siste strekpunkt) berre gjevast som «lån til delar av den reelle kostnaden for verksemda».

Søknad og stønad er derfor her vurdert på grunnlag av omsøkte investeringar. Desse var ikkje gjennomført ved mottak av første søknad datert 10.02.16.

Økonomi – rekneskap/budsjett:

Framlagt rekneskap for 2014 og 2015 syner at selskapet har hatt årleg driftsinntekter på frå ca. kr 4.2 til 4.4 million og driftskostnader på ca. kr 4.2 million. Resultat etter finans/skatt har vore kr 54.000 og 106.000. Årlegge kjøp av fremmedarbeid har vore ca. kr 1 million.

Anleggsmidlar er nedskrevne og låge, men selskapet har store omløpsmidlar. Relativt låg gjeld og god eigenkapitalen ca. kr 1 million.

Budsjett for 2016 legg opp til ca. 50% auke i salsinntekter. Kjøp av fremmedarbeid er redusert og erstatta med lønnskostnader for eigen tilsett. Det er budsjettert med ei vesentleg bedring av driftsresultatet med auke til ca kr 1.4 million.

Selskapet har hatt ein jamn og stabil økonomi. Omlegging og auke i produksjon vil vere krevjande i starten og årets budsjett synes å vere optimistisk i høve prosessen selskapet er inne i.

Konklusjon

Rådmannen ser positivt på at Modalen Sandtak gjennomfører ei oppgradering og ein kapasitetsauke i produksjonsanlegget. Verksemda er viktig for heile næringa i kommunen og for at vi skal få auka den totale sysselsettinga innan denne næringa ved utvida sanduttak på Helland/Krossdal.

På grunnlag av dei nye opplysningane og oppdatert søknad vil rådmannen no rå til at det vert gjeve slik stønad til omsøkte investeringar. Det er då teke omsyn til kva kommunen har innvilga av stønad til andre verksemder ved større investeringsprosjekt i siste år.

Investering	Kostnad	Tilskot (35%)	Lån (15 %)
Brukt hjullastar	675.000	236.000	100.000
Arbeidsbrakke	101.000	35.000	15.000
Sum	776.000	271.000	115.000

Vedlegg:

Søknad om lån og tilskot til kjøp av hjullastar

Søknad om tilskot og lån til innkjøp av hjullastar

Tilleggssøknad om lån og tilskot til Arnpro brakke

1+SV+_96369.pdf

Søknad om lån og tilskot frå næringsfondet - innhenting av tilleggsopplysningar